

**Møtebok 2 – 25
Moster sokneråd
tysdag 11.02. 2025**

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Hans Magne Nesse Stokka, Solveig Eikeland, Nils Otto Espeland, Gerda Bondø, Aksel Lygre Elisabeth G Løkling, Arthur Anglevik.

Sak 7 – 2025 Godkjenning av møtebok frå 14.januar og innkalling.

Vedtak: Møtebok og innkalling vart godkjent utan merknadar.

Sak 8 – 2025: Medarbeidersamlinga 14.januar – er det noko å fylgja opp?

Saker som vart tatt opp i samtalet:

*Konkretisering av givartenesta

Kan givaren konkretisera kva ein vil gava skal gå til?

*Kyrkjelydspedagog opplevde det som positivt å få hjelp av konfirmantane

*Kunngjeringar:

Opplysa om bønnemøte som er i forkant av gudstenesta

Opplysa om gudstenesta på Servicesenteret

Vedtak: Innspela vart drøfta og blir gjennomført.

Sak 9 – 2025 Oppfølging av tidlegare saker

***Evaluering av temakveld 16.01.2025.**

Det kom eit innspel om at det skulle vere meir fokus på forfølging av kristne, både lokalt og oppover i systemet.

- forslaget vert overlevert til diakoniutvalet. Me ber dei arbeide vidare med dette, og komma med innspel.

***Rekruttere ungdom som medarbeidarar og leiarar og gje dei leiartrening.**

TOL-utvalet har saka. Korleis går det?

- Aksel Lygre har invitert konfirmantane på bibelgruppa. Der kan dei bli kjent med ulike oppgåver i kyrkjelyden. Desse vert dei invitert til å vera med på vidare.
- Me må arbeida med å finne nokon som kan vera med som leiar i dette arbeidet i tillegg til Aksel.

***Nådegavekurs. Kvar står saka?**

Kurset vert første helga i september i Salem. Kyrkja, Salem og Sion står som arrangørar. Aksel Lygre og Geirr Standal underviser.

***Kven blir med i komité for temakveldar?**

Aksel Lygre, Solveig Eikeland , Edvin Aase har svara ja.

'Ny representant til støttegruppa for Moster gamle kyrkje.

Hans Magne Stokka vert ny representant for soknerådet.

***Utstyrsskap – kor står saka?**

- Me ventar på pris

***Bilete av prestane til våpenhuset**

- Ikkje noko nytt

Sak 10 – 2025 Oversikt over arrangementa vidare

Samarbeidsforum sokneråda torsdag 13.februar kl.16:00. Temakveld 13.februar. Ny prost vigslar orgelet 16.februar – preikar og er medliturg. Fastegudsteneste 5.mars. Tårnagent 15.-16.mars. Besøk frå Estland 28.-30.mars, deltaking i gudstenesta.

Vedtak: Samarbeidsforum der møter Solveig Eikeland

Temakveld: diakoniutvalet har ansvaret

Sak 11 – 2025 Årsmeldinga – me går gjennom den.

Vedtak: Soknerådet legg fram årsmeldinga med dei endringane som vart foreslått.

Sak 12 – 2025 Økonomisk kvartalsrapport og årsrekneskap.

Årsrekneskapen skal leggjast ved årsmelding.

Vedtak: Rapportane vert teken til vitande.

Sak 13 – 2025: Årsmøte – fordeling av oppgåver.

Vedtak: Årsmøte 20.03, startar kl.19.00

Bibelhalvtine ved Gunnvald Bjotveit, nåde som grunnlag for liv og teneste

Rune Sivertsen leiar årsmøte og legg fram årsmeldinga.

Hans Magne Stokka legg fram årsrekneskap

Enkel servering.

Tema for samtalene givartenesta, innleiing ved Hans Magne Stokka og Elisabeth G. Lykling

Soknerådet møter kl.18.00 for å lage til

Sak 14 – 2025: Gjennomgang av økonomi og pengebruk

Soknerådet går i underskot for 2024. Me treng å evaluera bruk av midlar for å snu situasjonen.

Vedtak: Ved større arrangement må det alltid leggast fram eit budsjett som må godkjennast av soknerådet. Dette må igjen sjåast i samanheng med soknerådet sitt årsbudsjett.

Avgrensa blomeutdeling til betalte utøvarar

Sak 15 – 2025: KN-aksjonen i april

Vedtak: KN kontakt bestiller materiell.

Me tek dette opp vidare på neste møte i mars

Sak 16 – 2025: Me treng ny safe i Moster kyrkje. Den gamle safen er vanskeleg å opna, og me kan nokre gonger stå i fare for å ikkje greia å gjennomføra kyrkjelege handlingar.

Vedtak: Utsett til neste møte

Sak 17 – 2025 Referat og meldingar

Utval for kyrkjemusikk og gudstenesteliv

- Fått referat

TOL-utvalet er blitt til KUL- utvalet

Diakoniutvalet

- ikkje noko å melde

Fellesråd og administrasjon

- ein del utfordringar med enkelte gravplassar

Estlandskomiteen

- sjå årsrapport

Komit  for hefte om nytt orgel
- f tt referat
Sokner dsleiar, prest eller andre

Sak 18 – 2025 Samarbeidsm te mellom sokner da

- ta opp kva dei andre gjer med prestebileta
- m la opp att handikap parkeringa
- mange utgifter sokner da m  betale som er fellesr det sine utgifter